



Stad kommune

UTBYGGINGSAVTALE DEL 1
MELLOM
KYSTVERKET, STAD KOMMUNE OG VANYLVEN KOMMUNE
FØREBUANDE ARBEID MED SJØVASSLEIDNINGAR I SAMANHENG
MED PROSJEKTET STAD SKIPSTUNNEL

1. AVTALEPARTAR

Part 1:

Stad kommune

(Org.nr.921 060 157., Rådhusvegen 11, 6770 Nordfjordeid, Svein Otto Melheim)

Part 2:

Vanylven kommune

(Org.nr. 964978662., Rådhusvegen 1 6143 Fiskå, Ronny Prozenko)

Part 3:

Kystverket (heretter kalla tiltakshavar)

(Org.nr.874783242., Postboks 1502, 6025 ÅLESUND, Jarle Strand)

2. HEIMEL

Denne utbyggingsavtalen vert inngått med heimel i plan- og bygningslova (tbl) kapittel 17 om utbyggingsavtalar, samt dei respektive vedtaka til Stad og Vanylven kommunar i sak 25/082, dato 07.05.2025 for Stad kommune og sak X, dato X for Vanylven kommune, om overordna prinsipp for bruk av utbyggingsavtalar, jf. tbl. § 17-2.

Partane er einige om at avtalen fell inn under vilkåra i tbl. § 17-1, der prosjektet Stad skipstunnel vert vurdert å oppfylle kravet om «utbygging» slik det er definert i føresegna. Det vert likevel presisert at avtalen skal gjelde også i det tilfellet prosjektet ikkje vert

17-25
PJO

rekna som omfatta av føresegna, og at avtalen difor ikkje vert å sjå på som ein «utbyggingsavtale».

3. BAKGRUNN OG SAMARBEID

Bakgrunnen for prosjektet er dei spesielle seglingsforholda rundt Stad. Stadhavøya ligg i Vestland fylke, på grensa mot Møre og Romsdal. Området har dei mest og sterkeste vindtilhøva i Noreg, og Kråkenes fyr, som ligg like sør for Stad, er den meteorologiske målestasjonen med flest stormdøgn.

Strekninga rundt Stad er eitt av dei mest værutsette og farlegaste områda langs norskekysten. Risikoen for ulykker ved passering av Stadhavet er òg høgare enn på andre delar av kysten. Ein hovudårsak til dette er at kombinasjonen av havstraumar og undersjøisk topografi skaper spesielt komplekse og uforutsigbare bølgjeforhold. Prosjektet Stad skipstunnel omfattar etablering av ein samanhengande farlei i skjerma indre farvatn, og er difor eit viktig sjøtransportprosjekt for den kystgåande skipsfarten langs Vestlandskysten. Hovuddelen av prosjektet er ein tunnel mellom Kjøde og Moldefjorden. Hovudprosjektet Stad skipstunnel er venta å starte i 2. kvartal 2026.

Det er krav om tilstrekkeleg vassforsyning ved oppstart av hovudprosjektet Stad skipstunnel, jf. nedanfor. Tiltaka definert i denne avtalen gjeld naudsynte førebuande arbeid for å sikre vassforsyning til entreprenør i anleggsfasen, og vidare vassforsyning i ordinær driftsfase. Avtalen gir Kystverket, Vanylven kommune og Stad kommune ei felles plattform for slik tilrettelegging gjennom Stad skipstunnel, frå landtak på Åheim i Vanylven kommune til Berstad i Stad kommune.

Føresetnaden for denne avtalen er at tiltaka som skal etablerast, vert gjennomførte som eit samarbeidsprosjekt mellom partane, gjennom felles anskaffing og anleggsgjennomføring.

4. GEOGRAFISK OMRÅDE

- Reguleringsplan for Stad skipstunnel, planID 4649_2022010, vedteken 24.10.2024
- Reguleringsplan for Lesto, planID 4649_2022014, vedteken 24.10.2024
- Strekning i sjø frå Åheim til Kjøde
- Strekning i sjø frå Moldestad, via Berstad til tunnelportalen sør for Moldefjorden
Sjå vedlegg 1 som viser aktuell trasé og omfang.

✓ 7-25
PJO

5. KVA AVTALEN GJELDER

5.1 Rekkefølgetiltaket og andre tiltak

5.1.1 Rekkefølgekrav

Avtalen gjeld rekkefølgekrav i reguleringsplan for Stad skipstunnel, planID 4649_2022010, vedteken 24.10.2024, punkt 11.2.2.2, bokstav d).

Føresegna lyder slik:

11.2.2 Igangsettingsløyve i Kjøde for tiltak knytt til Stad skipstunnel

11.2.2.2 Før det kan givast igangsettingsløyve i Kjøde, skal følgjande vere oppfylt:

d) Vassleidning frå Vanylven kommune må vere opparbeidd i samsvar med godkjend teknisk plan for VAO frå kommunen, og teken i bruk.

5.1.2 Andre tiltak

Tiltak i sjø i Moldefjorden, på strekninga Moldestad til tunnelportalen i Moldefjorden.

5.2 Gjennomføring av tiltaket

1) Fase 1 – denne utbyggingsavtalen – Del nr. 1

- Tiltakshavar har starta arbeidet med prosjektering og underlag for kunngjering av konkurranse i august 2025.
- Det er planlagt vidare arbeid med tildeling av entreprise og SØK-funksjon med oppfølging av prosjektgjennomføringa.
- I fråvær av økonomiske midlar/godkjend kommunalt budsjettvedtak frå kommunane på tidspunktet for signering av denne avtalen, påtek tiltakshavar seg å forskottere kommunane sin del av kostnadene fram til kommunalt budsjettvedtak ligg føre.
- Kostnadsfordeling basert på kalkyle mellom partane går fram av vedlegg 2. Endeleg oppgjervert gjennomført etter inngått kontrakt med entreprenør og på bakgrunn av faktiske kostnader på dei nemnde postane. Sjå elles punkt 6 nedanfor.

2) Fase 2 – eventuell utbyggingsavtale – Del nr. 2

- Fysisk opparbeiding av tiltaket vert igangsett gjennom entreprisen.
- Kommunane tilbakebetaler til tiltakshavar det som tiltakshavar har forskottert på deira vegner, og betaler løpende sine respektive andelar av kostnadene.

Eventuell utbyggingsavtale – Del nr. 2 er venta å kunne inngåast i desember 2025.

17-25
PJO

5.3 Byggherreansvar

Kystverket er byggherre / tiltakshavar.

5.4 Overtaking

Kommunane forpliktar seg til å overta infrastrukturen som vert bygd, i samband med godkjend ferdigattest.

6. ATTERHALD

6.1 Bakgrunn

Grunnen til at gjennomføringa av tiltaket etter denne avtalen vert delt opp i fasar, er fleire uavklarte forhold per dags dato.

Dei uavklarte forholda er som følgjer:

1. Endeleg avklaring om fullfinansiering av hovudprosjektet Stad skipstunnel. Ei slik avklaring er venta innan utgangen av 2025.
2. Avklaring av om kommunane kan påta seg dei økonomiske forpliktingane som følgjer av avtale del 1. (denne avtale), og som vil kome i ei eventuell avtale del 2. Ei slik avklaring er venta i samband med den kommunale budsjettbehandlinga i desember 2025.

Førebuande arbeid må startast no for å kunne halde framdriftsplanen og for å få etablert naudsynt vassforsyning innan 2. kvartal 2026. Det er difor naudsynt å inngå avtale del 1. no.

6.2 Atterhald

Kommunane må ta atterhald for sine forpliktingar etter avtalen når det gjeld dei uavklarte forholda:

Atterhald 1

Stad kommune og Vanylven kommune krev atterhald dersom tiltaket vert avslutta i løpet av 2025, eller på eit tidspunkt før det vert inngått kontrakt med entreprenør.

- *Atterhald frå Vanylven kommune*

Tiltakshavar dekkjer følgjande kostnadar:

- 100 % av detaljprosjektering og konkurransegrunnlag med SØK-funksjon for sjøvassleidningar og infrastruktur, frå landtak Åheim til og med landtak Skorge, samt frå landtak Skorge til portalområdet på Kjøde.

17-25
PJO

- *Atterhald frå Stad kommune*

Tiltakshavar dekkjer følgjande kostnadar:

- 100 % av prosjektering og konkurransegrunnlag med SØK-funksjon for sjøvassleidningar og infrastruktur frå og med ventilhus Moldestad til og med ventilhus Berstad, med landtak på Hatlenes og Øyra, samt vidare frå ventilhus Berstad til portalområdet ved Moldefjorden.
- 80 % av kommunen sitt kjøp av juridiske tenester til bistand i samband med utbyggingsavtale og gjennomføringsavtale.

Atterhald 2

Det er ein føresetnad at prosjektet vert gjennomført når kontrakt er inngått med entreprenør. Stad kommune og Vanylven kommune krev etterhald dersom entreprenørens arbeid med gjennomføring av tiltaket vert starta opp før ein utbyggingsavtale del 2. er forhandla fram og godkjend i desember 2025, og i ei situasjon der Stortinget ikkje gir fullfinansiering til hovudprosjektet Stad skipstunnel eller mellombels utset prosjektet.

Totalkostnad i prosjektet er basert på ein omforent kostnadskalkyle mellom partane, sjå vedlegg 2.

- *Atterhald frå Vanylven kommune*

Tiltakshavar dekkjer følgjande kostnader:

- 80 % av prosjektering og konkurransegrunnlag med SØK-funksjon for sjøvassleidning og infrastruktur, frå landtak Åheim til og med landtak Skorge
- 100 % av prosjektering og konkurransegrunnlag med SØK-funksjon for sjøvassleidningar og infrastruktur, frå landtak Skorge til portalområdet på Kjøde
- 80 % av entreprisen for sjøvassleidningar med infrastruktur frå landtak Åheim til og med landtak Skorge
- 80 % av entreprisen for sjøvassleidningar med infrastruktur frå landtak Skorge til portalområdet på Kjøde
- Det vert inngått eiga avtale med Stad kommune om kostnadsfordeling.

1/7-25
PJO

- *Atterhald Stad kommune*

Tiltakshavar dekkjer følgjande kostnader:

- 80 % av prosjektering og konkurransegrunnlag med SØK-funksjon for sjøvassleidningar og infrastruktur, frå og med ventilhus Moldestad til og med ventilhus Berstad, med landtak på Hatlenes og Øyra, samt frå og med ventilhus Berstad til portalområdet ved Moldefjorden
- 100 % av prosjektering og konkurransegrunnlag med SØK-funksjon for sjøvassleidningar og infrastruktur frå og med ventilhus Berstad til portalområdet ved Moldefjorden
- 80 % av kommunen sitt kjøp av juridiske tenester til bistand i samband med utbyggingsavtale og gjennomføringsavtale
- 80 % av entreprisen for sjøvassleidningar og infrastruktur frå og med ventilhus Moldestad til og med ventilhus Berstad, med landtak på Hatlenes og Øyra
- 100 % av entreprisen for sjøvassleidningar og infrastruktur frå og med ventilhus Berstad til portalområdet ved Moldefjorden

Atterhald 3

Begge kommunane tek etterhald om kommunale løyvingar til oppfylling av sine avtalte forpliktingar.

7. TVISTELØYSING

Rettstvistar som gjeld utbyggingsavtalen skal løysast etter norsk rett for dei ordinære domstolane, med Sogn og Fjordane tingrett som verneting.

8. AVTALENS VARIGHET

Avtalen gjeld fram til han vert erstatta av ei eventuell etterfølgjande utbyggingsavtale i fase 2, jf. ovanfor.

9. INDEKSREGULERING

Kontraktsummen skal ikkje regulerast.

1/7-25
PJO

10. MVA-KOMPENSASJON I SAMBAND MED FELLESPROSJEKT/FELLESINNKJØP

KYV som selskap er nettofinansiert og er frådragsberettiget på meirverdiavgift (MVA)

Ved fakturering – fakturera KYV til Stad Kommune nettobeløp + mva, ihht betalingsplan.

11. VEDTAK AV KOMPETENT MYNDIGHET

Denne utbyggingsavtalen er ikkje bindande for Stad kommune og Vanylven kommune før han er godkjend av dei respektive kommunestyra og signert av fullmaktshavar. Sak om godkjenning av utbyggingsavtalen vert lagt fram for kommunestyret etter at Kystverket har signert avtalen, og etter at avtalen har vore ute til offentleg ettersyn, jf. pbl. § 17-4, andre ledd.

12. UTBYGGINGSAVTALENS ORIGINALEKSEMPLAR

Denne utbyggingsavtalen vert signert i 3 – tre – eksemplar, eitt til kvar av partane.

13. MEDDELELESE OG KORRESPONDANSE

Meldingar og korrespondanse knytt til utbyggingsavtalen skal vere skriftlege og sendast til avtalepartane sine offisielle postadresser eller e-postadresser.

14. TRANSPORT

Kystverket kan ikkje overdra utbyggingsavtalen vidare utan at Stad kommune og Vanylven kommune på førehand har gjeve skriftleg samtykke. Kommunane kan ikkje nekte slike samtykke utan sakleg grunn.

15. MISLIGHALD

15.1 Reklamasjon

Avtalepart som ønskjer å gjere gjeldande verknader av misleghald, må sende skriftleg reklamasjon til den eller dei aktuelle avtalepartane innan rimeleg tid etter at vedkomande part oppdaga eller burde ha oppdaga misleghaldet.

15.2 Erstatning

Dersom ein part misleheld sine plikter etter utbyggingsavtalen, kan dei andre partane krevje erstatning for direkte økonomisk tap dei blir påførte som følgje av misleghaldet. Erstatning for indirekte tap og avleidd følgjetap kan ikkje krevjast. Partane har plikt til å avgrense eventuelle tap. For øvrig gjeld vanlege reglar om erstatning etter norsk rett.

1/7-25
PJO

16. VEDLEGG

- 1) Kart – trasè og omfang av tiltaket
- 2) Kostnadsfordeling mellom partane datert 19.6.25

17. UNDERSKRIFTER

Stad kommune

Stad/dato

Vanylven kommune

Stad/dato

Per Jan Osdal Ålesund 17-2025

Kystverket

Stad/dato

VEDLEGG 1 - Prosjektets art og omfang:

Anskaffinga gjeld leveranse- og anleggsarbeid i samband med legging av nye sjøvassleidningar i Stad og Vanylven kommune, for Kystverket.

Nye leidningar skal førast i land, og det skal setjast ned vasskummar ved alle landtak. Denne anskaffinga omfattar leveranse og legging av røyr med og utan vektkappe, røyrdelar, leveranse og montering av betonglodd, sveising og senking av leidning, kryssing av røyr og kablar, tiltak på sjøbotn/sikring av leidning, omlegging av eksisterande røyr, tilkoplingar, kummar, ventilkammer m.m.


Nøkkeltall:

- Lengde sjøvassleidningar ca. 12 000m
- Vetilhus 2. stk.
- Kummer/ landtak 4. stk.

Moldefjorden:



Vanylvsfjorden:



Kalkyle Entreprise Sjøledninger - Stad og Vanylven kommuner

Vedlegg 2

Alle tall i millioner kroner eks. mva, per 2 kvartal 2025

Prisposter	Totalkostnader	Geografisk område		
		Moldefjorden	Vanylvsfjorden	11,3
Entreprisekostnader	37,8	26,5	26,5	11,3
Prosjektering og byggeledelse 15 % (av entreprisekostnader)	5,7	4,0	4,0	1,7
Usikkerhet 25 % (av entreprisekostnader)	9,5	6,6	6,6	2,8
Totalsum	52,9	37,1	37,1	15,8

Fordeling Moldefjorden

Stad kommune - 40%
Kystverket - 60%

Fordeling Vanylvsfjorden

Vanylven kommune - 40 %
Kystverket - 60%

